

Saksprotokoll i 21.04.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Representanten Kollbotn (R) har stilt følgjande spørsmål:

1. Meiner utvalsleiar at Y-blokka er verneverdig og bør fredast ?
2. Meiner administrasjonen i Vestland fylke at Y-blokka er verneverdig og bør fredast ?
3. Dersom ja, kva har Vestland fylke gjort for å avverge at rivingsvedtaket vert gjennomført ?
4. Korleis kan evt. kulturfylket Vestland påverke i siste runde slik at Y-blokka vert ståande ?

Utvalsleiar for kultur, idrett og integrering gav slikt svar:

«Utvalsleiar meiner at spørsmålet om Y-blokka er verneverdig og bør fredast, er eit anliggende for avklaring av statlege styresmakter og Oslo kommune.

Saken gjeld store avvegningar mellom tunge kulturminnefaglege omsyn som må vurderast opp mot tunge sikkerhetsmessige omsyn for Osloborgarane og sentral statsforvaltning.

Samstundes som Picassos utsmykningar av Y-blokka er av svært høg verdi og Y-blokka i seg sjølv er eit arkitektonisk vakkert og viktig bygg, må dette vurderast opp mot dei klare tilrådingane i utgreiingane om tryggleiken rundt kvartalet. Regjeringskvartalet vart i 2011 ramma av det største angrepet på norsk jord sidan andre verdenskrig, og vi må gjere alt som er i vår makt for å hindre at slikt kan skjje att.

Eg anerkjenn at Y-blokka er ansett som et nasjonalt kulturminne av Riksantikvaren. Det er likevel utvalsleiar sin klare meining at ein utvalsleiar i Vestland fylkeskommune ikkje skal meine noko om denne saka. Dette er ei sak for Stortinget og Oslo bystyre.

Det er dermed utvalsleiar si klare tilråding til utvalet at Vestland fylkeskommune vel å ikkje meine noko om vernespørsmålet av Y-blokka.»

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

- «1. Spørsmålet er retta til utvalsleiar som svarer.
2. Administrasjonen er samd i Riksantikvaren si vurdering av kulturminneverdiane til Y-blokka:
«Y-blokka representerer høye kulturhistoriske, arkitektoniske og kunstneriske verdier både nasjonalt og internasjonalt, og bør derfor bevares innenfor rammen av et nytt regjeringskvartal».
- Y-blokka var i 2011 i ferd med å verte freda, og administrasjonen kan ikkje sjå at det finst kulturminnefaglege grunnar for å endre denne vurderinga. Ein har likevel forståing for at det ligg til grunn andre omsyn enn dei reint kulturminnefaglege omsyna i saka.
3. Sjølv om dette er ei nasjonal sak, ligg det ligg utanfor Vestland fylkeskommune sitt lovheimla mynde å delta i sakshandsaminga av kulturminne i andre fylke.
4. Avhengig av eit evt vedtak i Utvalet, er det mogeleg å rette ei oppmoding til regjeringa i saka.

Jf. pressemelding frå Riksantikvaren www.riksantikvaren.no/siste-nytt/pressemeldinger/riksantikvaren-kan-ikke-frede-y-blokka»